



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Deres ref	Vår ref	Dato
13/677-223	14/4481-12	09.06.2015

Førespurnad frå Kvam herad om forlenging av reguleringsplan for skipsverft i Hansvågen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til brev frå Kvam herad av 30. juni 2014. I brevet ber kommunen om at departementet realitetshandsamar ei forlenging av reguleringsplanen for skipsverft i Hansvågen med tilførselsveg over Neshalvøya.

Departementet beklagar at handsaminga av saka har teke lang tid.

Bakgrunn for saka

Miljøverndepartementet avgjorde 30. juni 2009 ei motsegnssak i Kvam herad knytt til reguleringsplan for nytt skipsverft i Hansvågen med tilførselsveg over Neshalvøya. Motsegna i saka vart ikkje tatt til følgje, og departementet stadfestar reguleringsplanen.

Samtidig forutsatte departementet at Kvam herad, dersom ikkje byggjarbeida for skipsverftet vart påbegynt innan fem år, satt i gang ein prosess for å føre området tilbake til landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område). Grunnen for ein slik føresetnad var at etablering av tilførselsveg over Neshalvøya ikkje skulle verte eit argument for å planlegge ytterlegare ny industriverksemeld på halvøya i framtida, og at det ville vere uheldig om regulering av området til skipsverftsformål vart oppretthaldt dersom tiltaket ikkje vart påbegynt innan rimeleg tid.

Fjellstrand AS henvendte seg i brev av 15. april 2014 til Kvam herad med oppmading om å søke departementet om forlenging av reguleringsplanen med minst fem nye år. Fjellstrand AS viste til at den tidkrevjande behandlinga av reguleringsplanen fram mot

Miljøverndepartementets vedtak i 2009 førte til behov for å investere betydelege summar i eksisterande verft på Omastrand, og at bedrifta difor ikkje hadde sett seg i stand til å gå vidare med utbygging i Hansvågen dei fyreste 4-5 åra etter at reguleringsplanen vart vedteken. Fjellstrand AS peikar på at området i ein langsigktig og strategisk samanheng er viktig for å utvikle bedrifta.

Nærings-, plan- og bygningsutvalet i Kvam herad behandla saka 30. juni 2014. Utvalet vedtok, med bakgrunn i Fjellstrand AS sine ynskjer, å be Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å realitetsbehandle ei forlenging av reguleringsplanen, med henvisning til at Fjellstrand AS er ein stor arbeidsplass i Kvam og at det er viktig å sikre utviklingsområde for verftet.

I samband med at Kvam herad sendte sin førespurnad til departementet, har blant anna grunneigar på Nes gård og Norges Naturvernforbund i Hordaland kontakta departementet og uttrykt usemje mot ei eventuell forlenging av planane.

Departementets vurdering

Reguleringsplanen for eit nytt skipsverft i Hansvågen med tilførselsveg over Neshalvøya, vedteken av heradsstyret 1. juli 2008 og stadfesta av Miljøverndepartementet 30. juni 2009, er gjeldande sjølv om det har gått meir enn fem år sidan departementet fatta sitt stadfestingsvedtak. Miljøverndepartementets føresetnad til kommunen om sjølv å sette i gang ein prosess med siktet på å tilbakeføre planen til landbruks-, natur- og friluftsområde dersom ikkje byggearbeidar vart satt i gang innan fem år, var ikkje eit juridisk bindande vilkår for planen.

Reguleringsplanen for Hansvågen er difor gyldig til planen eventuelt vert oppheva etter ein formell prosess etter plan- og bygningslova. Kommunal- og moderniseringsdepartementets behandling av henvendelsen frå Kvam herad vil difor ikkje være ei avgjerd av om reguleringsplanen for Hansvågen kan forlengast, men i staden eit spørsmål om korleis departementet stiller seg til eit ynskje frå kommunen om å utsetje eller også å la vere å sette i gang ein prosess for å tilbakeføre planområdet til LNF-område.

Det er i utgangspunktet kommunen som planmyndighet som sjølv må ta initiativ til og gjennomføre ein prosess for å oppheve ein reguleringsplan. Departementet kan likevel på sjølvstendig grunnlag setje i gang ein prosess for å få ein plan oppheva dersom den er i strid med nasjonale interesser. I denne saka vart dei ulike og motstridande interessene avvege gjennom motsegnssbehandlinga i 2009, kor Miljøverndepartementet konkluderte med at planane for eit skipsverft i Hansvågen måtte akseptera til tross for tiltakets negative konsekvensar for natur- og kulturmiljøet i Hansvågen og på Neshalvøya. Departementet ser det i denne saka derfor ikkje som aktuelt å sjølv sette i gang ein prosess for å oppheve reguleringsplanen.

Departementet legg også til grunn at den gjeldande reguleringsplanen med tilhørande føresegner inneber at det ikkje lovleg kan etablerast annan industriverksemid enn skipsverft i Hansvågen, slik det også vart lagt til grunn ved Miljøverndepartementets vedtak i 2009.

Dersom området på sikt vert vurdert som aktuelt for annan type industri enn det som gjeldande reguleringsplan opnar for, vil dette krevje ein ny planprosess. Departementet vurderer det difor ikkje å vere naudsynt å tilbakeføre området til LNF-område for å forhindre annan industrietablering enn skipsverft innanfor planområdet.

Når det gjeld den usikkerheita som vil kunne oppstå rundt framtidig bruk og utvikling av området dersom realisering av tiltaket drar ytterlegare ut i tid og området samstundes forblir regulert til skipsverftsverksemd, er dette eit spørsmål som i hovudsak omhandlar forholdet til andre lokale næringsinteresser og då særleg grunneigarar på Neshalvøya. Departementet meiner at dette er problemstillingar som kommunen sjølv må vurdera og forsøke å finne løysingar på i dialog med dei som er berørte.

Konklusjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i denne saka kome til at Kvam herad sjølv må vurdere og avklare om det aktuelle området i Hansvågen skal bli verande regulert til skipsverftsføremål eller om det bør tilbakeførast til LNF-område. Dersom kommunen ynskjer å tilbakeføre området til LNF-område, må ein sjølv vurdere korleis og når ein slik prosess bør gjennomførast.

Departementet vil ikkje på eige initiativ sette i gang ein prosess for å oppheve reguleringsplanen.

Med hilsen



Jan Tore Sanner

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Fjellstrand AS, 5632 Omastrand
Naturvernforbundet i Hordaland,
Kåre Nes, Nernesvegen 34, 5632 Omastrand
Advokatfirmaet Harris, Postboks 4115 Sandviken, 5835 Bergen
Pål Biseth, Mundheimsveien 529, 5632 Omastrand